

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 22.03.2019

Vår ref.: 201835240-5

Arkiv: 313

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Bård Andreas Selstad Ottesen

22959528 / baso@nve.no

Høyring av søknad frå AS Femangerlaks om løyve til uttak av vatn frå Femangervassdraget og regulering av Botsvatnet i Fusa kommune, Hordaland

NVE har motteke ein søknad frå AS Femangerlaks, datert 04.03.2019, om løyve til uttak av vatn frå Femangervassdraget og regulering av Botsvatnet i Fusa kommune. Vatnet skal nyttast til produksjon av settefisk.

Skildring av tiltaket

Det vert søkt om eit vassuttak frå Femangerelva og Botsvatnet på inntil 250 l/s. Det vert og søkt om å regulere Botsvatnet, mellom kote 76,5 (LRV) og kote 78,0 (HRV). Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 250 l/s frå Botsvatnet. Dei tekniske installasjonane knytt til vassuttaket er i all hovudsak allereie etablert. Det vert og søkt om å installere mikrokraftverk på røyrleidning til settefiskanlegget.

Informasjon til høyringspartane

Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyver etter vassressurslova § 8. Vi viser til vedlagte informasjonsark som forklarar saksbehandlinga frå søknaden blir sendt på høyring fram til endeleg vedtak. Her står det også kva vi ønskjer tilbakemelding om.

Kva gjer du viss du ønskjer å uttale deg?

NVE ser helst at uttalar vert sendt oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker. Uttalar må sendast inn seinast **20.05.2019**.

Det er også mogleg å sende uttalar per e-post til nve@nve.no, eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo. Uttalar eller deler av uttalar vil bli referert i eit endeleg vedtak. Dersom uttalen er lang, er det difor ein fordel om det vert laga eit samandrag som kan brukast til dette.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Søknaden med vedlegg er lagt ut på [vår nettside](#), og den vert kunngjort av NVE i Os og Fusaposten, og Bergens Tidende. Viss de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte AS Femangerlaks v/Anders Heidal på tlf. 56583325 eller e-post: femangerlaks@femanger.no.

Vi ber Fusa kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentlig ettersyn på administrasjonsbygget i Fusa kommune fram til 20.05.2019. Det eine eksemplaret kan, om nødvendig, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Bård Andreas Selstad Ottesen
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Kunngjering
Orientering til høyringspartane
Søknadar til Fusa kommune for offentlig utlegging (3 eksemplar)

Mottakarliste:

Fiskeridirektoratet Region Vest
Forum for natur og friluftsliv Hordaland
Friluftsrådet Vest
Fusa kommune
Fusa Turlag
Fylkesmannen i Vestland
Hordaland fylkeskommune
Mattilsynet
Naturvernforbundet i Hordaland
Norges Jeger- og Fiskerforbund – Hordaland
Norges Miljøvernforbund
Norsk Ornitologisk Forening avd. Hordaland

Kopi til:

AS FEMANGERLAKS